

Innst. O. nr. 16

(1999-2000)

Innstilling fra næringskomiteen om lov om handelsverksemd med brukte og kasserte ting (brukthandelova)

Ot.prp. nr. 61 (1998-1999)

Til Odelstinget

SAMMENDRAG

I proposisjonen legg Nærings- og handelsdepartementet fram forslag til lov om handelsverksemd med brukte og kasserte ting. Lova vil avløyse lov av 6. juni 1980 nr. 21 om handelsvirksomhet (handelslova).

Nærings- og handelsdepartementet ser det som formålstenleg at handelslova frå 1980 blir oppheva, men slik at gjeldande reglar for handel med brukte og kasserte ting blir vidareført i ei ny lov. Formålet med den nye loven er å førebyggje omsetning av stolne eller ulovleg mottekne gjenstandar og å lette politiets arbeid med å oppspore slike gjenstandar.

Nærings- og handelsdepartementet meiner at omsetningsformene i daglegvarehandelen bør vere underlagde færrest mogleg offentlege reguleringar. Forbodet i handelslova mot oppsøkjande handel med daglegvarer utanom fast utsalsstad inneber etter departementet si meining ei uheldig konkurranseavgrensing.

I proposisjonen foreslår derfor departementet å oppheve reglane om forbodet mot oppsøkjande handel med daglegvarer utanom fast utsalsstad (dørsal).

Departementet foreslår òg å oppheve reglane om torghandel i § 3-2 fjerde ledd. Dette er ein forskriftsheimel som gir kommunen høve til å regulere sal frå torg, gater, bryggjer osv. når det ut i frå blant anna trafikkmessige eller plasseringsmessige grunnar er behov for det.

Departementet foreslår òg å oppheve registreringsordninga i handelslova § 3-1. Etter reglane i dag må verksemdar som ønskjer å drive oppsøkjande handelsverksemd utanom fast utsalsstad, melde frå til fylkesmannen i det fylket der verksemda har forretningsstaden sin.

Nærings- og handelsdepartementet foreslår at vilkåra for handelsrett blir oppheva. Ut frå eit prinsipielt standpunkt bør det etter departementet sitt syn ikkje gjelde andre reglar for handelsverksemd enn for anna

verksemd. Departementet kan ikkje sjå at det på generelt grunnlag er sterke grunnar for å oppretthalde vilkåra spesielt for handelsnæringa. Lovforslaget får ikkje vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Bjarne Håkon Hanssen, Einar Johansen, Kjell Opseth, Torstein Rudihagen, Oddbjørg Ausdal Starrfelt og Rita Tveiten, fra Fremskrittspartiet, Øystein Hedstrøm og Terje Knudsen, fra Kristelig Folkeparti, Modulf Aukan og Anita Apelthun Sæle, fra Høyre, Ansgar Gabrielsen og Ivar Kristiansen, fra Senterpartiet, lederen Morten Lund, og fra Venstre, Leif Helge Kongshaug, viser til den fremlagte proposisjonen.

Oppheving av reglane om forbod mot oppsøkjande handelsverksemd med daglegvarer utanom fast utsalsstad

Komiteen slutter seg til departementets vurderinger vedrørende forslag om å oppheve forbudet mot oppsøkende handelsvirksomhet med dagligvarer utanom fast utsalsstad. Komiteen vil peke på at omsetningsformene i dagligvarehandelen prinsipielt bør være underlagt færrest mulig offentlige reguleringer og at forbudet i handelsloven mot oppsøkende handel med dagligvarer således kan innebære en uheldig konkurransebegrensning. Konkurranse mellom ulike omsetningsformer kan ha positive innvirkninger på pris, kvalitet og service.

Komiteen mener vidare at dispensasjonsordningen hvor muligheten for forskjellsbehandling er tilstede, bør unngås.

Komiteen ser det slik at hensynet til den stedbundne handel ikke rettferdiggjør opprettholdelsen av forbudet mot oppsøkende handel med dagligvarer. Dagligvarehandelen har vært og er inne i en betydelig omstrukturering, hvor konkurransen fra supermarkeder og kjøpesentra i en situasjon med stadig økende mobilitet hos forbrukerne, er den vesentligste årsak til nedleggelse av «nærkjøpmannen». Komiteen vil videre hevde at hensynet til forbrukerens vareutvalg tilsier at også dagligvarer kan tillates solgt utenom fast utsalgssted. Andre forbrukerhensyn gjør det heller ikke rimelig med en opprettholdelse av bestemmelsen. Komiteen slutter seg til departementets forslag om å oppheve handelsloven § 3-1 første til tredje ledd.

Oppheving av reglande om torghandel

Komiteen mener behovet for kontroll med den torghandel kommunene kan ha, dekkes gjennom annen lovgivning. Komiteen slutter seg til departementets forslag om å oppheve eksisterende bestemmelser, handelsloven § 3-2 fjerde ledd, om torghandel.

Oppheving av registreringsordninga

Komiteen slutter seg til departementets forslag. I likhet med næringslovutvalget og departementet vil komiteen peke på at registreringsordningen ikke fungerer etter intensjonene, og at den ikke kan gjøres tilfredsstillende ut fra formålet uten en betydelig ekstra ressursinnsats fra det offentlige. Komiteen kan heller ikke se at det er behov for en egen registreringsordning for handelsvirksomhet ut over de registreringsordningene som gjelder for næringsdrivende generelt, jf. dagens registreringsforpliktelser i enhets- og foretaksregisteret. Komiteen vil på denne bakgrunn slutte seg til departementets forslag om å oppheve handelsloven § 3-1 om registrering.

Oppheving av kapittel 2 om handelsrett

Komiteen slutter seg til departementets forslag om å oppheve vilkårene for handelsrett. Komiteen mener det ikke bør gjelde andre regler for handelsvirksomhet enn for annen næringsvirksomhet, og at det ikke foreligger sterke grunner for å opprettholde vilkårene spesielt for handelsnæringen.

Komiteen støtter departementets forslag om å oppheve handelslovens særbestemmelser i tilknytning til handelsrett under konkursbehandling.

Komiteen mener det ikke bør være spesielle regler for å drive handelsvirksomhet under eller etter konkurs i forhold til andre virksomheter.

Komiteen gir sin tilslutning til departementets forslag om opphevelse av de særlige regler for bosted og botid som gjelder i tilknytning til handelsloven.

Komiteen finner ingen grunn for at det skal foreligge andre regler for handelsvirksomhet enn for annen næringsvirksomhet.

Komiteen vil på denne bakgrunn slutte seg til departementets forslag om å oppheve kapittel 2 i handelsloven.

Videreføring av reglene om handel med brukte og kasserte ting

Komiteen slutter seg til departementets forslag om å videreføre reglene om handel med brukte og kasserte ting. Hensynet til å forebygge omsetning av stjalne eller ulovlig mottatte gjenstander og å lette politiets arbeid med å oppspore disse gjenstandene, taler for dette. Komiteen vil understreke at det er et klart behov for slike regler for at samfunnet skal komme helerivirksomheten til livs. Det er naturlig å videreføre gjeldende ordning ved at partiet, som har kontroll og oversikt over stjalne gjenstander, også skal ha ansvaret for å gi tillatelse til slik brukthandlervirksomhet.

Komiteen er enig i departementets forslag om å videreføre bestemmelsene i en ny lov. Endringsforslagene i handelsloven er vesentlige, og komiteen mener både oversikten over loven og tilgjengeligheten til loven for brukerne vil bedres ved å gi en ny lov.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen viser til proposisjonen og det som står foran, og rår Odelstinget til å gjøre slikt

vedtak til lov

om handelsverksemd med brukte og kasserte ting
(brukthandellova)

§ 1 Verkeområde, formål m.v.

Denne lova gjeld handelsverksemd med brukte og kasserte ting.

Som handelsverksemd vert rekna handel med varer i næring for eiga eller framand rekning og i eige eller i framand namn. Opptak av bestilling av varer i næring for seinare levering vert òg rekna som handelsverksemd.

Handelsverksemd skal drivast i samsvar med god forretningsskikk.

Formålet med lova er å førebyggje omsetning av stolne eller ulovleg mottekne gjenstandar og å lette politiets arbeid med å oppspore slike gjenstandar.

§ 2 Krav om løyve frå politiet

Handelsverksemd med og oppkjøp med sikte på sal av brukte og kasserte ting, medrekna brukte kunstgjenstandar og antikvitatar, krev løyve frå politiet. Ein må ha løyve alle stader der verksemda vert driven, både på innkjøpsstad og salsstad.

Løyve som nemnt i første ledd kan bli nekta og kan trekkjast attende dersom måten verksemda vert driven på, eller andre forhold, gir grunn til å frykte misbruk. Slike vedtak kan klagast inn for departementet etter reglane i forvaltningslova §§ 28-34.

§ 3 Unnatak frå politiløyve

Føresegnene i § 2 gjeld ikkje for auksjonsverksemd som vert driven av lensmann etter oppdrag frå offentlege styresmakter eller av advokatar.

§ 4 Forskriftsheimel

Departementet kan gi forskrifter om verksemd som nemnt i § 2, og verksemd som nemnt i § 3.

Departementet kan òg gi forskrifter om meldeplicht til politiet og om føring av protokoll osv., for foretak som skaffar seg brukte og kasserte ting til bruk i eiga bedrift.

§ 5 Straff

Den som forsettleg eller aktaust bryt føresegner gitt i eller i medhald av denne lova, eller medverkar til slike brot, vert straffa med bøter eller under skjerpande forhold med fengsel i inntil tre månader.

§ 6 Ikraftsetjings- og overgangsreglar

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Frå same tidspunkt vert lov av 6. juni 1980 nr. 21 om handelsvirksomhet oppheva.

Løyve frå politiet gitt med heimel i lov av 6. juni 1980 nr. 21 om handelsvirksomhet gjeld òg etter ikraftsetjinga av lova her.

§ 7 Endringar i andre lover

Frå den tid lova trer i kraft vert det gjort følgjande endringar i andre lover:

1. I lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. gjøres følgende endring:

§ 3-1 andre ledd første punktum skal lyde:

Salg av annet øl enn nevnt i første ledd kan bare foretas på grunnlag av kommunal bevilling.

2. I lov av 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon m.v. gjøres følgende endring:

§ 17 første ledd første punktum skal lyde:

Bevilling kan bare gis til den som anses skikket til å drive handel med skytevåpen og ammunisjon.

Oslo, i næringskomiteen, den 25. november 1999

Morten Lund
leder

Øystein Hedstrøm
ordfører

Kjell Opseth
sekretær